

Møteinnkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad: Folgefonnsenteret
Dato: 22.06.2018
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 409104341, eller epost: astrid.haavik@fylkesmannen.no.

Alle delegerte vedtak ligg ute på: www.miljovedtaksregisteret.no.

Skjema for registrering av informasjon av eksterne for tilgang til sjølvbetjeningsportalen

<https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/edocument.viewer/fylkesmannen/eksterne>

Her kan alle logge seg inn med MinID og registrere informasjon for å kunne motta honorar.

Selvbetjeningsportal for mottaker av honorar

<https://dfo.no/Kundesider/Lonnstjenester/Selvbetjening/Selvbetjeningsportal/>

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Arkiv- saksnr
ST 9/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
ST 10/18	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll	
ST 11/18	Referatsak	
RS 2/18	Pressemelding - Brukarundersøkelse - Folgefonna nasjonalparkstyre 2018 Samling om besøksstrategi på Geilo Status ferdselsteljarar Status tiltaksmidlar	2018/1178
ST 12/18	Delegerte saker	
DS 2/18	Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med helikopter til Fonnabu med ved - Kvinnherad Turlag - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre	2018/3882
DS 3/18	Delegert vedtak - Søknad om droneflyging - Toppturfestival - Rosendal Event - Folgefonna nasjonalpark	2018/4927
DS 4/18	Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med helikopter til Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark	2018/5376
DS 5/18	Statkraft - Søknad om motorferdsel for vedlikehald av bruer - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre	2018/6960
DS 6/18	Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med helikopter for transport av saltstein - Folgefonna nasjonalpark	2018/7271
DS 7/18	Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Fossasete - Kvandal - Bruk av snøscooter	2018/3550
DS 8/18	Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport til Krokasætra	2016/4210
DS 9/18	Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel til vedlikehald av sti - Melderskin - Folgefonna nasjonalpark	2018/5242
DS 10/18	Delegert vedtak - Søknad om løyve til helikoptertransport til hytte i Hildal - Folgefonna nasjonalpark - Kvinnherad - Folgefonna nasjonalparkstyre	2018/6273
DS 11/18	Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Hjortedalen / Lono / Tverrelvhytta - Helikoptertransport av materialar og verktøy til vedlikehald av hus	2018/5674

ST 13/18	Framlegg - Søknad om å lande med helikopter - NGU - Buer landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre	2018/7105
ST 14/18	Framlegg - Søknad om å bygge bru ved Vatnastøl - Folgefonna nasjonalpark - Kvinnherad - Folgefonna nasjonalparkstyre	2018/6266
ST 15/18	Framlegg - Søknad om bruk av drone til å filme rundt på Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre	2018/7321
ST 16/18	Eventuelt	

ST 9/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 10/18 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

ST 11/18 Referatsak

Fra: Haavik, Astrid Bakke[fmhoabh@fylkesmannen.no]

Dato: 23. apr 2018 15:59:22

Til: hordaland@nrk.no; post@grenda.no; redaksjon@kvinnheringen.no; post@radiofolgefonna.no; redaksjon@hf.no; redaksjon@hardanger-folkeblad.no; redaksjon@grannar.no; post@kvinnherad.kommune.no; post@odda.kommune.no; post@jondal.kommune.no; post@etne.kommune.no; postmottak@ullensvang.herad.no; bht@dnt.no; haugesund@dnt.no; hordaland@naturvernforbundet.no; kvinnherad@naturvernforbundet.no; Odda/Ullensvang Turlag; kjell.yri@knett.no
Kopi: Olaf Bratland (olaf.bratland@miljodir.no); Karen Løvfall Våge; Fylkesmannen i Hordaland, *Postmottak
Tittel: Pressemelding Folgefonna nasjonalpark

Hei!
Sender over pressemelding om brukarundersøkingar som gjennomførast i Folgefonna nasjonalpark denne sommaren.

Helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar



Folgefonna
nasjonalparkstyret

Tlf: +47 55572135

Mobil: +47 40904341

Besøksadresse: Folgefonnssenteret, Skålafjæro 17, 5470 Rosendal

Postadresse (arkiv): Postboks 7310, 5020 Bergen

Elektronisk postmottak: fmhpostmottak@fylkesmannen.no

<http://www.nasjonalparkstyret.no/Folgefonna/>

ST 12/18 Delegerte saker

DS 2/18 Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med helikopter til Fonnabu med ved - Kvinnherad Turlag - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 3/18 Delegert vedtak - Søknad om droneflyging - Toppturfestival - Rosendal Event - Folgefonna nasjonalpark

DS 4/18 Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med helikopter til Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark

DS 5/18 Statkraft - Søknad om motorferdsel for vedlikehold av bruer - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 6/18 Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med helikopter for transport av saltstein - Folgefonna nasjonalpark

DS 7/18 Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Fossasete - Kvandal - Bruk av snøscooter

DS 8/18 Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport til Krokasætra

DS 9/18 Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel til vedlikehold av sti - Melderskin - Folgefonna nasjonalpark

DS 10/18 Delegert vedtak - Søknad om løyve til helikoptertransport til hytte i Hildal - Folgefonna nasjonalpark - Kvinnherad - Folgefonna nasjonalparkstyre

**DS 11/18 Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Hjortedalen
/ Lono / Tverrelvhytta - Helikoptertransport av materialar og verktøy til
vedlikehald av hus**

Arkivsaksnr: 2018/7105-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 07.06.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	13/18	22.06.2018

Framlegg - Søknad om å lande med helikopter - NGU - Buer landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark*, *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde* og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre NGU løyve til bruk av helikopter for lågtflyging og landing til forskingsføremål i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 25.08.2018 – 03.09.2018
- Løyvet gjeld for geologiske undersøkingar
- Løyvet gjeld for inn til
 - fire landingar på Reinanuten i Buer landskapsvernområde,
 - to landingar på Ridbjørg,
 - to landingar på Hersetenuten
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagdar
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok der kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember 2018**. Merk med referanse: 2018/7105. Send gjerne på e-post til: fmhpostmottak@fylkesmannen.no


Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Odda og Ullensvang herad om dette.

Søknaden

NVE har det overordna ansvaret for statlege forvaltingsoppgåver knytt innan førebyggjing av skredulukker. På oppdrag frå NVE utfører Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) kartlegging av store fjellskred og ustabile fjellparti i Noreg. NGU søker om dispensasjon frå verneforskrifta for bruk av helikopter til lågtflyging og landing på Reinanuten i Buer landskapsvernområde og Ridbjørg og ein mogleg landing på Storenuten i Folgefonna nasjonalpark.

Sted	Landinger	Utløp dispensasjon fra kommunen	25.08.2018	03.09.2018
Hersetenuten	2	01.10.2020	25.08.2018	03.09.2018
Ridbjørg 1	2	01.10.2020	25.08.2018	03.09.2018
Reinanuten	4	01.10.2020	25.08.2018	03.09.2018

Helikopterlanding: August 2018



Kartet viser lokalitetene der det vert søkt om å lande.

Naturmangfoldloven og verneforskrift

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*». I *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde* er motorisert ferdsel forbode, etter § 3, punkt 5. 1.

Ingen av verneområda har opna for å gje løyve til motorferdsel til forskingsføremål og løyve må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen gitt i naturmangfaldlova § 48.

I forvaltningsplanen gjeld desse retningslinene for forskning:

«Retningsliner

- *Forsking og undervising som vert lagt til verneområda skal ta omsyn til verneføremålet.*
- *Forskningsprosjekt som krev dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova skal utførast av instans med relevant forskningskompetanse.*
- *Forskningsprosjekt som vil medføre motorferdsel eller inngrep vert generelt frårådd, men må vurderast i kvart enkelt tilfelle.*

- *Forsknings- og undervisningsopplegg som like gjerne kan gjennomførast utanfor verneområda, bør visast dit.»*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering av saken

Ein kan sjå behovet for helikoptertransport for å kartlegge fjellparti inne i verneområda. Kartlegginga er ein del av eit større prosjekt som gjeld mange fjelltoppar og det vil lette arbeidet i stor grad å nytte helikopter. Saka må vurderast etter § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. I dette tilfellet vil ikkje motorferdsla ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er stor aktivitet av besøkande på den tida det er søkt om å kartlegge og særleg på Reinanuten kan ein vente at det kjem til å vere turgåarar som vert berørte. Det er søkt om fire landingar på Reinanuten.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilag dagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 19.07.2017).

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Forvaltaren meiner at desse undersøkingane som skal gjennomførast er viktige, og vil kunne gje nyttig informasjon både for forskarane og forvaltningsstyresmakta. Krava for å gje løyve etter § 48 i naturmangfaldlova er oppfylte.

Arkivsaksnr: 2018/6266-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 24.05.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	14/18	22.06.2018

Framlegg - Søknad om å bygge bru ved Vatnastøl - Folgefonna nasjonalpark - Kvinnherad - Folgefonna nasjonalparkstyre

Forvalters tilrådning

Enes Elveeigarlag får løyve etter verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark § 3 1.3 e) til å bygge bru ved Vatnastølsvatnet. Elveeigarlaget får også løyve til naudsynt motorferdsel i samband med tiltaket etter § 3 6.3. f) i same forskrift. For løyva gjeld følgande vilkår:

- Brua skal byggast med plassering og utforming som skissert i søknaden, datert 14.05.2018.
- Rapport med bilete av plassering vert sendt til Folgefonna nasjonalparkstyre ved gjennomføring.
- Enes elveeigarlag tek ansvar for vedlikehald og tryggleiksvurdering av brua.
- Helikopterløyvet gjeld for inntil fem turar t/r
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilag dagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Statens naturoppsyn får ansvar for å sjå til at tiltaka er utført i samsvar med løyve.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: 2018/6266. Send gjerne på e-post til: fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

Søknaden

Enes Elveigarlag søker om å få byggja gangbru over elva ved Vatnastølsvatnet, om lag 100 meter nedstrøms nordre enden av vatnet. (sjå vedlagt kartkopi).



Blå strek: eksisterande sti. Raud strek: omlegging av sti og planlagd bru.

Gangbrua er tenkt bygd opp av impregnerte stolpar og trematerialar med rekkverk og forankra på båe sider av elva, etter modell av bru ved Nybru i Ænesdalen. Brua får eit spenn på 13.5 meter. (sjå vedlagt foto av brua ved Nybru).



Brua er tenkt med same utforming som denne som er bygd lenger ned i elva.

Ved Steinlaupet rann elva tidlegare for det meste under steinmassane og det var normalt ikkje vanskeleg å kryssa elva ved vanleg vassføring. Dei siste åra har det kome fleire ras frå Steinlauperinden, som førde med seg store steinar, lausmassar, snø og vegetasjon heilt ut i elva, der stien kryssar. Desse massane har tetta meir til elveløpet og gjer det no både vanskelegare og meir farefullt å kryssa elva her ved normal eller større vassføring. Me ønskjer difor å få byggja ei bru lengre inne i dalen rett heimom Vatnastølsvatnet, og få lagd om stien tilsvarande.

På årsmøtet i Elveigarlaget 12. april i år vart det samrøystes vedteke eit ønskje om å få byggja bru ved Vatnastølsvatnet, for at grunneigarane, hjortejegrar, elvefiskarar og turgåarar skal få lettare og tryggare tilgang til område på bae sider av elva. Brua er kostnadsrekna til kr 70.000,- I tillegg kjem 120 timar dugnad. Dersom søknaden vert innvilga søker Elveigarlaget om å få dekkja kostnadane på kr 70.000,-. Det vil vera trong for helikoptertransport av utstyr og materialar frå Ænessetra til Vatnastøl, fire/fem turar.

Naturmangfaldlova og verneforskrift

Føremålet med vern av Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på eit stort urørt naturområde, med verdifull vassdragsnatur, økosystem, geologiske førekomstar og kulturminne. Samtidig skal vernemynda sikre at ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Brua

Området er verna mot alle fysiske inngrep og varige installasjonar, jf § 3 i verneforskrifta. Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12. Etter § 3 1.3 i verneforskrifta kan forvaltingsstyresmakta gi løyve til:

e) Bygging av bruer og klopper.

I forvaltningsplanen er desse retningslinene rundt bygging av nye bruer lista opp:

- *For å merkje nye ruter eller eksisterande umerkte ruter og å byggje nye bruer eller klopper må det søkjast om løyve etter vernereglane. Det skal vere ein restriktiv praksis m.o.t. å gje løyve til å merkje umerkte eller nye ruter. Ved godkjenning av søknadar om løyper og turruter kan det knytast vilkår til merking, skilting, ansvar for vedlikehald og eventuelle tiltak for å avbøte på terrengslitasje og annan skade.*
- *Dei mest villmarksprega og urørte områda skal vere utan tilrettelegging. I slike område kan ein gje informasjon t.d. gjennom gode kart og brosjyrar, gjerne med medverknad frå nasjonalparksenteret, i staden for merking og andre fysiske tiltak i terrenget.*

Motorferdsel

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdslar etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.

I følgje forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark er nødvendig transport i samband med husdyrhald: Å frakte utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdemateriell, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus og proviant til slike.

Vurdering av saken

Ved vurdering av søknaden om å få bygge ei bru har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket (databasane er sist sjekka 24.05.2018).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette val av materiale for å bygge bru og å sikre ein lokalisering som på kort og lang sikt gjer minst mogleg skade på verneverdiane i området. Brua er tenkt plassert om lag 100 meter nedanfor utløpet av Vatnastølsvatnet. Brua skal sikrast i store steinar på begge sider av elva og vil ikkje føre til innsnevringar i elveløpet eller vere særleg truga av flaum.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Det er fleire bruer som kryssar Æneselva, slik at tilgangen til begge sider av elva er god. Brua det er søkt om her skal vere ein forbetring av stien som går over Steinlaupet og gjere det tryggare for folk som prøver å krysse elva her. Forvaltingsplanen seier at ein skal vere restriktiv i løyver til nye bruer, denne brua vert vurdert som eit tryggingstiltak på eit sted der ras har gjort det vanskeleg å krysse elva forsvarleg. Forvaltar har vurdert samla belastning i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Motorferdsel

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn material og utstyr i samband med bygging av bru i området og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikstar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrebokordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31.desember**.

Arkivsaksnr: 2018/7321-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 12.06.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	15/18	22.06.2018

Framlegg - Søknad om bruk av drone til å filme rundt på Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre

Framlegg frå forvaltar

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48 gjev arbeidsutvalet i Folgefonna nasjonalparkstyre Lars Petter Jonassen/ Eksponert Media løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 25.juni. – 1. september 2018.
- Løyvet gjeld for inn til ein times flytid på kvar lokalitet.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilag dagar.
- Ved filming med grupper må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme.
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme.
- Før filming skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på tlf: **970 23 013**
- Rapport over utført fyking skal sendast til fmhopostmottak@fylkesmannen.no. Referanse 2018/7321.

Søknad

Lars Petter Jonassen søker i epost av 4. mai 2018 om løyve til å filme med drone i Folgefonna nasjonalpark.

Han arbeider som breførar og fotograf for Folgefonna Breførarlag og vil filme i samband med turar på fonna forå profilere breførarlaget og for Jondal nasjonalparklandsby. Han søker difor om å få filme i områda som breførarlaget har turar. Desse områda er: Juklavassbreen, turistvegen over Folgefonna frå Fonnabu til Holmaskjer, og området rundt Møsevatn.

Det er vanskelig å setje dato for når det vil bli filma, då søkjar vil gjere dette når veret er passande og i samband med guiding. Søkjar ser for seg at det i realiteten vert filma maks 80 minutter per tur om lag ein gong i månaden i sesongen.

Lovheimel:

Saka gjeld bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i naturmangfaldlova og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12. I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 7.2. står det:
Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

Under denne bestemminga fell også bruk av dronar. Det er ikkje opning for å søkje om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vurdering av saken

Bruk av drone er forbode i Folgefonna nasjonalpark, men det er høve å søke Folgefonna nasjonalparkstyre om dispensasjon gjennom den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. I så fall gjeld strenge reglar for å få dispensasjon. Produksjon av naturfilm og naturinformasjon har tidlegare fått løyve til bruk av helikopter til filming. I slike tilfelle kan bruk av drone ha mindre påverknad enn alternativet med helikopter og det vert vurdert. Lovar og regler legg ikkje opp til filming med drone til privat bruk, dokumentering av aktivitet, marknadsføring av einskildaktivitetar og bedrifter mm.

Delar av verneområdet har særleg sårbar natur, mens andre deler er særleg viktige friluftsområde. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av dronflyging på denne tida av året (databasane er sist sjekka 01.04.2018). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på droner, særleg når dei dannar territorier rundt hekketida. For å unngå skade på fugl og forstyring skal drona setjast på bakken med ein gong ein ser fugl i nærleiken.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette kva type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. For å filme frå lufta i nasjonalparken er det berre drone eller filming frå helikopter som er aktuelt. Droner er mykje meir skånsamme for verneverdiane å bruke enn helikopter, då dei er mindre, bråkar mindre og krev mindre flytid. Det er veldig populært å ha droner for tida og faren med å gje eit løyve er at folk som

ser ein drone som fyker i området har lite moglegheit for å vite om ein treng løyve for å fly lovleg. Det vert oppfordra til å informere så godt som råd er når ein er på ein lokalitet og filmer, slik at publikum skjønner at det ikkje er fritt fram å filme med dronar i verneområdet. Det vert også sett krav om å merke publisert materiale med at det er filma etter løyve frå nasjonalparkstyret, då det er elles er vanskeleg for publikum å vite dette.

I dette tilfellet meiner ikkje forvaltar at bruk av drone ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er likevel viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å kjøre på sundagar og heilag dagar for å unngå konflikt med anna friluftsliv og unødig forstyrning av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den førebels som avgrensa. Om mengda dronedyking aukar betrakteleg, må ein vurdere samla belastning på nytt. Det har dei siste åra vore fleire tilfelle av ulovleg dyking i verneområdet og det viktigaste er å informere om regelverket. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

ST 16/18 Eventuelt